

Sensorretteiing

01.06.11

NOR1212 Norsk sidemål

Bruk av vurderingsrettleiinga og vurderingsskjemaet

Denne sensorrettleiinga er eit supplement til den generelle vurderingsrettleiinga for eksamen i norsk. For å finne den, går du inn på www.udir.no og klikkar på Eksamen, Eksamen i videregående opplæring, Vurderings- og sensorveiledninger (<http://www.udir.no/Artikler/Eksamensvurderings-og-sensorveiledninger-VGO/>).

På side 11–12 i vurderingsrettleiinga er det ein matrise med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen i norsk. I år er denne matrisen også limt inn i vurderingsskjemaet. Du skal bruke vurderingsskjemaet når du grunngir karakterforslaget ditt. Marker dei kjenneteikna som er relevante for karakterforslaget med kryss, ring, understreking eller liknande.

OBS: Vurderingsskjemaet er lagt ut som kopieringsoriginal, som word-dokument og pdf.

Skriving med pc og for hand

Ansvaret for den praktiske gjennomføringa av sentralt gitt eksamen ligg hos skoleeigar (sjå forskrift til opplæringslova § 3-28). Skoleeigar kan framleis velje om elevane skal bruke data eller skrive for hand. Sensorane skal alltid vurdere svara ut frå kompetansemåla i læreplanen og vurdere heilskapen i svaret.

Bokmål og nynorsk – hovudmål og sidemål

Kompetansemåla i læreplanen er felles for skriving på bokmål og nynorsk, men i avsnittet om sluttvurdering er nemningane "hovudmål" og "sidemål" brukte. Det er ingen fagleg nivåforskjell på innhaldet i hovudmåls- og sidemåls-eksamen. Matrisen med kjenneteikn på måloppnåing er felles for dei to eksamensdagane, men når det gjeld underpunktet om meistring/stort sett meistring/delvis meistring av ortografi og formverk, kan sensorane vente at eksaminandane meistrar hovudmålet sitt noko betre enn sidemålet.

Kompetansemåla i læreplanen og eksamensoppgåvene

I vurderingsrettleiinga side 9–10 ser du kva kompetansemål som kan bli prøvde til eksamen. Dei konkrete eksamensoppgåvene prøver eit mindre utval av kompetansemåla, men eit konkret svar kan likevel vise brei kompetanse i faget.

Det er viktig å vere merksam på at eit konkret oppgåvesvar kan vise kompetanse innanfor fleire kompetansemål. På den andre sida skal eksaminandane svare på *oppgåva*, som ikkje nødvendigvis spør etter alt det dei aktuelle kompetansemåla femner om. Derfor er det ikkje referert direkte til kompetansemåla i oppgåvesettet.

Nytt våren 2011: Kommentrar til eksamensoppgåvene

Dei siste åra har sensorrettleiingane hatt oppgåvekommentarar som blant anna seier kva som kjenneteiknar eit godt svar. Føremålet har vore å hindre at sensorane tolkar oppgåva ulikt. Kommentrarane har sagt litt om kva som er rimelege tolkingar av oppgåva, og litt om korleis oppgåva ikkje kan tolkast. Frå og med våren 2011 blir desse kommentarane erstatta med ein kort kommentar til kvar oppgåve inne i oppgåvesettet. Eksaminand og sensor får altså lik informasjon om korleis oppgåvene skal/kan/bør løysast.

Oppgåvene i norsk er som kjent relativt opne. Dei skal gi rom for sjølvstendig utforming av eigen tekst i samsvar med måla i læreplanen. Føremålet med å legge inn ein oppgåvekommentar i tillegg er å redusere risikoen for mistydingar og feiltolkingar som ikkje kjem av manglande fagkompetanse ("bom på oppgåva"). Eksamen skal vere organisert slik at eleven eller privatisten kan få vist fagkompetansen sin, derfor må oppgåveinstruksane vere så klare som mogeleg.

Kommentarane er kort formulert, for at det ikkje skal bli for mykje tekst i oppgåvesettet. Dei føreset at dei generelle kjenneteikna på måloppnåing til eksamen er kjent (side 11–12 i vurderingsrettleiinga). Dei er altså ikkje utfyllande.

Kommentarane har stort sett ein tredelt struktur:

- kva ein *skal* gjere for å svare på oppgåva
- litt om kva ein *kan* gjere, når det er høve til å velje ulike innfallsvinklar
- litt om korleis svaret *bør* vere for å vise høg grad av måloppnåing

OBS: Dei generelle kjenneteikna på måloppnåing er ikkje endra. Svara skal ikkje vurderast strengare enn før. Sensor skal ha ei open haldning og sjå etter kva kompetanse svaret faktisk viser, ikkje kva det manglar.

Det er viktig å merke seg at sensorane skal vurdere elevsvara på same måte som tidlegare.

Eksamensoppgåver, NOR1212

Del A Kortsvaroppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn ca. 250 ord. Legg merke til at det står ein kommentar under sjølv oppgåveinstruksen. Den vil vere til hjelp for å løyse oppgåva.

Vedlegg: “Å vere i livet. Tre vers til mor” av Halldis Moren Vesaas (*I ein annan skog*, 1955)

Formuler temaet kort, og gjer greie for nokre sentrale verkemiddel og den funksjonen dei har i diktet.

Kommentar

Svaret ditt skal skrivast som ein samanhengande tekst. Du kan formulere temaet slik du sjølv forstår det. For å vise høg grad av måloppnåing må du svare på ein presis og oversiktleg måte, og trekkje fram verkemiddel som du meiner er viktige i forhold til temaet i diktet.

Del B Langsvaroppgåve

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv. Legg merke til at det står ein kommentar under sjølv oppgåveinstruksen. Den vil vere til hjelp for å løyse oppgåva.

Oppgåve 1

Vedlegg: “To tøffe typer” (*Foreldre og barn* 11/2010), “Når blir jeg norsk?” av Rima Iraki (*Aftenposten* 19.09.2010) og teikneserien frå *Det er gøy å være same* av Maren Uthaug (2010)

Ta utgangspunkt i vedlegga og skriv eit essay eller ein artikkel om kulturmøte, fordommar og kulturkonfliktar.

Kommentar

Svaret ditt skal ha ei form som viser om det er ein artikkel eller eit essay. Det skal kome klart fram at alle dei tre vedlegga er brukte. Men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på, og i tillegg kan du trekkje inn andre eksempel. For å vise høg grad av måloppnåing bør teksten ha fleire relevante moment, og du bør problematisere og reflektere rundt momenta dine.

Oppgåve 2, 3 og 4 på neste side

Oppgåve 2

Vedlegg: “Noen personlige betraktninger om hva det vil si å være samnorsktilhenger” av Arne Torp (utdrag, www.samnorsk.no/tanker/arne lasta ned 15.02.2011)

Bør vi ha eit talemålsnært skriftspråk, eller er det bra med avstand mellom tale og skrift? Bruk kunnskapar du har om språk og språkhistorie til å grunngje synspunkta dine, og skriv ein artikkel som svar til Arne Torp.

Kommentar

Du skal vise til Torps tekst i svaret ditt, men det er mogeleg å svare på spørsmålet i oppgåva utan å ta stilling til samnorskdebatten. Du kan velje ulike tilnærmingar og bruke eksempel frå språkhistoria, frå moderne teksttypar du kjenner og frå kunnskap om andre språk. For å vise høg grad av måloppnåing bør teksten din ha ein klar og føremålstenleg struktur, du bør argumentere sakleg og eventuelt bruke kjelder på ein oversiktleg og relevant måte.

Oppgåve 3

Vedlegg: “To tøffe typer”, bilete og ingress frå *Foreldre og barn* 11/2010

Ta utgangspunkt i biletet og teksten i vedlegget “To tøffe typer” og skriv eit kåseri om oppdraging, kjønnsroller og fordommar. Bruk overskrifta “Gutejenter og jentegutar?”

Kommentar

I svaret ditt skal du tydeleg vise at du har teke utgangspunkt i vedlegget. Alle dei tre momenta som er nemnde i oppgåva, skal vere med, men det er mogeleg å leggje ulik vekt på dei. For å vise høg grad av måloppnåing bør svaret ha fleire relevante moment, vise kreativitet og ha klare kåseritrekk.

Oppgåve 4

Vedlegg: “Tørst” av Wenche Krossøy (1977)

Tolk novella.

Kommentar

I svaret ditt skal du skrive om både form og innhald, men du kan leggje ulik vekt på elementa. For å vise høg grad av måloppnåing bør du gjere greie for språklege verkemiddel og vise korleis dei fungerer i teksten, bruke fagspråk og grunngje dine eigne tankar om teksten.

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no